

Styre, råd, utval	Sak nr	Møtedato
Utval for plan og miljø	071/2016	29.09.2016
Ungdomsrådet	040/2016	26.09.2016
Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne	042/2016	26.09.2016

Framlegg til planprogram - Detaljregulering for Sævareid fiskeanlegg AS og Sævareid sentrum Høyring

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune godkjenner oppstart for Detaljregulering av AS Sævareid Fiskeanlegg og Sævareid sentrum, med plan-id 1241 2016 02. Planprogram for planarbeidet, datert 07.07.2016, vert lagt på høyring og til offentleg ettersyn i 6 veker frå dette vedtak.

Vedtaket er heimla i PBL §§ 12-1,3 og 12-9.

Utval for plan og miljø 29.09.2016:

Handsaming:

Uttaler frå senior- og funksjonsrådet og ungdomsrådet vart kunngjort i møtet. Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

UPM- 071/2016 Vedtak:

Fusa kommune godkjenner oppstart for Detaljregulering av AS Sævareid Fiskeanlegg og Sævareid sentrum, med plan-id 1241 2016 02. Planprogram for planarbeidet, datert 07.07.2016, vert lagt på høyring og til offentleg ettersyn i 6 veker frå dette vedtak.

Vedtaket er heimla i PBL §§ 12-1,3 og 12-9.

Ungdomsrådet 26.09.2016:

Handsaming:

Fusa ungdomsråd tok saka samrøystes til etterretning.

UNG- 040/2016 Vedtak:

Fusa ungdomsråd tek saka til etterretning.

Saksframstilling:

Vedtaksmynde:

- Utval for plan og miljø

Saksdokument:

- Framlegg til planprogram
- Planavgrensing

Vedlegg: Sjå nederst i saka

Ikkje vedlegg:

- Referat frå oppstartmøte
- Oversendingsmail

Faktiske opplysningar:

Det skal utarbeidast ein detaljregulering for AS Sævareid Fiskeanlegg og Sævareid sentrum. Tiltaket er delvis i tråd med kommuneplanens arealdel, og utløyser krav om konsekvensutgreiing. Det vert derfor utarbeidd eit planprogram som skal opplyse om alle kjende sider ved tiltaket, om opplegg for medverknad og om prosessen, i ein tidleg fase.

Hensikta med planarbeidet er å leggja til rette for forutsigbar utvikling av fiskeanlegget med næringsbygg, vegtilkomst og anlegg i fjellhallar. Deler av planen omfattar Sævareid sentrum.

Sjå framlegg til planprogram for utdjupande informasjon om tiltaket, og illustrasjonar.

Jamfør framdriftsplanen legg ein opp til vedtak av endeleg plan i 2017.

Historikk:

Utarbeiding av reguleringsplanen følgjer opp eit politisk vedtak (byggesak 16/1256) der AS Sævareid Fiskeanlegg fekk dispensasjon til å settje opp eit bygg på vilkår av at ein utarbeidde reguleringsplan for eksisterande og framtidige tiltak.

Vurdering:

Planprogrammet er opplysende og viser tydeleg hensikta med tiltaket.

Vedlegg:

plangrense-A1-1000

1331928

14.07.2016

Framlegg til planprogram - Reguleringsplan for AS

1331929

14.07.2016

Sævareid Fiskeanlegg og Sævareid sentrum